



**EIDFJORD  
KOMMUNE**

# PLANSTRATEGI

2019-2023

## Innhald

<b>1. Om kommunal planstrategi .....</b>	<b>3</b>
<b>2. Kommunens plansystem .....</b>	<b>3</b>
<b>3. Erfaringar frå planstrategien for 2016-2019 .....</b>	<b>3</b>
<b>4. Nasjonale forventningar .....</b>	<b>4</b>
<b>5. Utviklingstrekk for Vestland fylke og Eidfjord kommune .....</b>	<b>5</b>
5.1 Folketalsutvikling.....	5
5.2 Bustad .....	7
5.3 Utdanning .....	7
5.4 Sysselsetting.....	8
5.5 Risiko- og sårbarheit.....	9
5.6 Transport og reisevanar .....	9
5.7 Kulturskule og frivillig arbeid .....	10
5.8 Turisme.....	10
5.9 Særtrekk for møteregion Indre Vestland .....	11
<b>6. Status gjeldande planar .....</b>	<b>12</b>
<b>7. Forslag til prioritering av planoppgåver .....</b>	<b>14</b>
<b>8. Vedlegg .....</b>	<b>15</b>


## 1. Om kommunal planstrategi

Den kommunale planstrategien skal vera eit verktøy for å betra den kommunale planlegginga. Den er eit viktig hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklara kva planoppgåver kommunen skal prioritera.

Planstrategien er ikkje ein plan, og skal ikkje ta stilling til innhaldet i planane. Den skal synleggjera utviklingstrekk i kommunen, og peika på planbehov for å styra utviklinga i den retninga ein ynskjer. Planstrategien får ingen direkte rettsverknad for kommunens innbyggjarar, men skal nyttast i prioriteringsarbeidet til dei folkevalde.

## 2. Kommunens plansystem

Figur 1 syner kommunens plansystem. Det er viktig at fag- og temaplanar vert sett i nær samanheng med handlingsdelar og årsbudsjett.



Figur 1: Oversikt over det kommunale plansystemet

## 3. Erfaringar frå planstrategien for 2016-2019

Evalueringa av planstrategien for 2016-2019 viser at planstrategien var for ambisiøs. Fleire av planoppgåvene som skulle ha vore vedtekne i løpet av perioden, er ikkje starta på. Årsaka til dette var at fleire store planar var prioritert, og arbeidsomfanget var ikkje foreineleg med eigne ressursar eller midlar avsett i budsjetta.

I vedlegg under punkt 8, ligg prioriteringslista frå forrige planstrategi. Det er lagt inn ei kolonne som skildrar status til den enkelte plan, ved utgangen av 2019.

Ved utarbeiding av ny planstrategi, vert det viktig å få ei tettare kopling mellom budsjett og ressursbruk. Det pågåande arbeidet i kommunen må også vektleggjast.

## 4. Nasjonale forventningar

Det er fleire retningslinjer og forventningar for den kommunale planlegginga. Det gjentakande temaet er at alt planarbeid må etterstreba ei mest mogleg bærekraftig utvikling.

Kommunane er ein av nøkkelaktørane for å realisera ei bærekraftig utvikling, då me er nærast innbyggjarane, lokale bedrifter og organisasjonar. Bærekraftsmåla må takast omsyn til i alt planleggingsarbeid, slik at utviklinga me legg til rette for, bidreg til at samfunnet vert meir bærekraftig.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging vart vedteke ved kongeleg resolusjon 14. mai 2019, og gjeld fram til 2023. Gjennom desse har kommunane fått auka ansvar for å sikra nasjonale og viktige regionale interesser i forvaltninga av sine areal.

Regjeringa har bestemt av dei 17 bærekraftsmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane me har. Bærekraftsmåla er synt i Figur 2.



Figur 2: FNs 17 bærekraftsmål

Kjelde: [www.ks.no](http://www.ks.no)

Bærekraftsmåla koplar seg til både miljømessige-, sosiale- og økonomiske aspekt. Dei miljømessige ligg som grunnlagt for resten, som ein klar føresetnad for det andre. Sosial bærekraft vert ofte rekna som eit bindeledd mellom det miljømessige og det økonomiske. Sistnemnde skal i eit bærekraftsperspektiv ligg øverst i pyramiden.

## 5. Utviklingstrekk for Vestland fylke og Eidfjord kommune

Kommunen skal gjennom planstrategien vurdere om det er behovet for å endra retning og mål for kommunen som samfunn og/eller organisasjon, og prioritera planoppgåver ut i frå dette.

Eidfjord har eit lågt innbyggjartal, noko som gjer det utfordrande å innhenta statistikk på fleire områder. Statistikken og konklusjonar som vert presentert under, er hovudsakleg henta frå rapportane «Vestland - Utfordringar for fylket og regionane», «Vestland - Folkehelseoversikt 2019-2023», «Vestland - Statistikk og utviklingstrekk». Det er i tillegg innhenta statistikk frå Statistisk sentralbyrå, folkehelseprofil for Eidfjord frå 2020 og kommunehelse statistikkbank.




### 5.1 Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga peikar i retning av større utfordringar med redusert innvandring og fallande fødselstal, og kan skapa ei større skilje mellom kommunane. Indre delar av Vestland kan merka dette mest. Det er forventa at sentraliseringa skal auka fram mot 2040, og prognosane tilseier at om lag 80 % vil bu i dei 12 mest sentrale kommunene i Vestland. Eidfjord kommune er ikkje ein av desse.


Figur 3 (på neste side) viser at Eidfjord kommune har hatt ein nedgang i folketallet mellom 0 og 5 prosent. I 2019 var det registrert 906 innbyggjarar i kommunen.<sup>1</sup> SSB sin folketalsprognose viser ein middels vekst for Eidfjord, og framskrivingane tilseier ei utvikling mot 921 innbyggjarar i 2040. I tillegg vil meir enn kvar fjerde innbyggjar vera 67 år eller eldre i over halvparten av kommunane i Indre Vestland innan 2040. Figur 4 på neste side viser at Eidfjord vil ha ei vesentleg auke i andel eldre i 2040.

Forventa levealder for menn og kvinner i Eidfjord (basert på tal frå 2004 til 2018) ligg noko under landsgjennomsnittet.


<sup>1</sup> <https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra/eidfjord/befolkningsprofil>, lest 08.05.2020.



**Figur 3:** Folketalsutvikling 1.1.2013-1.1.2018, gjeldande kommune struktur, tal i prosent. **Kjelde:** SSB tabell 07459



**Figur 4:** Eldre (67 år og eldre) som del av befolkninga i 2040. Ny kommuneinndeling. **Kjelde:** SSB, statistikk.ivist.no




**Figur 5:** Befolkningsutvikling og kvartalsvise endringar

**Kjelde:** Statistisk sentralbyrå

Eidfjord er no den fjerde minste kommunen i Vestland, rekna ut i frå folketal. Kun Solund, Fedje og Modalen har fære innbyggjarar enn Eidfjord. Figur 5 på førre side syner befolkningsutviklinga i Eidfjord frå 1997-2019.

Figur 6 viser at Eidfjord har ei jamn fordeling av menn og kvinner. Den største aldersgruppa er mellom 50 og 70 år.



**Figur 6:** Befolkning etter kjønn og alder

**Kjelde:** Statistisk sentralbyrå

For at folk skal trivast, ynske å bli og ynske å koma tilbake, må det vera sterkt fokus på å byggja gode og varierte nærmiljø. Det må leggjast tilrette for at folk kan møtast, trivast og leva gjennom ulike livsfasar. Korte avstandar mellom arbeid, bustad, butikk og fritidsaktivitetar aukar moglegheitene for deltaking.<sup>2</sup>

I nokre regionar i Vestland er det vanskeleg å rekruttera på grunn av befolkningsnedgang. For å få til befolkningsvekst må regionen vera attraktiv for at folk skal koma, og bli. Kvalitet i skule og kulturtilbod er arenaer som kan gjera ein plass attraktiv å flytta til.<sup>3</sup>

## 5.2 Bustad

I 2019 var det registrert 519 einebustadar i kommunen, og 10 leiligheitar, og like i underkant av 20 % bur på landbrukseigedom. I Eidfjord bur 84 % i sjølveigd bustad, medan 16 % leiger bustaden dei bur i. I snitt er det 2,1 personar per husholdning i Eidfjord kommune.<sup>4</sup> Per 22.05.2020 er det 18 ledig kommunale bustadtomter, der 7 ligg i Nedre- og 11 i Øvre Eidfjord.

Antall fritidsbygningar i Eidfjord har hatt ei markant auke dei siste 10 åra. Frå 2009 til 2019 har talet på fritidsbustader auka like i underkant av 46 %, frå 772 til 1126. Dei fleste nybygg skjer i Sysendalen.

## 5.3 Utdanning

Når det gjeld utdanning har fylket gjennomgåande høgt utdanningsnivå. I Indre Vestland har


<sup>2</sup> Vestland | Folkehelseoversikt 2019-2023, side 21

<sup>3</sup> Vestland | Folkehelseoversikt 2019-2023, side 24

<sup>4</sup> <https://www.ssb.no/kommunefakta/eidfjord>, lest 22.05.2020

om lag 80 % av unge (25-29 år) i dei fleste kommunane, vidaregåande skule eller meir som utdanning. Samanlikna med fylket, er det noko mindre (men aukande) del i alderen 30-39 år med høgare utdanning.

Figur 7 syner korleis dette er fordelt i Eidfjord. Den største delen har vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå, medan andel med lang universitets- og høgskolenivå utgjer den minste gruppa (med tilgjengelege data).




**Figur 7:** Høgaste fullførte utdanningsnivå, data frå 2018 **Kjelde:** SSB

## 5.4 Sysselsetting


Sysselsetjingsgrada i Indre Vestland er høgare enn fylkesgjennomsnittet (66 %) i dei fleste kommunane. Offentleg sektor er den største næringa i mange kommunar. Indre delar av Vestland har stort innslag av kraftkrevjande industri og reiseliv, og det er stor vilje til å byggja vidare på dette.

Frå 2008 til 2017 har del sysselsette i alderen 15-74 år i Vestland fylke gått ned med kring tre prosentpoeng. Utviklinga er tilnærma lik som nasjonalt. Figur 7 syner at 23 kommunar opplevde ei betre utvikling enn nasjonalt i perioden 2008-2017. Av desse var det berre Eidfjord og Modalen som hadde vekst i sysselsettingsgrada (Figur 8).





**Figur 7:** Sysselsettingsgrad (15-74 år) per kommune  
 Kjelde: SSB tabell 06445



**Figur 8:** Utvikling i sysselsettingsgrad per kommune, relativt til den nasjonale utviklinga i perioden 2008-2017  
 Kjelde: SSB tabell 06445

## 5.5 Risiko- og sårbarheit

Forureining og klimaendringar er faktorar som kan gjera stor skade og gjera endringar i miljøet. Indre delar av Vestland har også store områda som er utsett for skredhendingar. Ei venta auke i nedbørmengda vil auka faren for jord-, flaum- og sørpeskred i framtida. Med fleire elveløp og bratte fjellsider, ligg Eidfjord utsatt til ved auke i flaum- og skredhendingar.

## 5.6 Transport og reisevanar


Når det gjeld transportutfordringar og reisevanar er dette svært ulikt i fylket. Dette har samanheng med befolkningstettleik og -fordeling. I rurale størt etterspør innbyggjarane høgare frekvens i tilbodet og meir fleksible tilbod. Samanlikna med trafikkmengda i store delar av Indre Vestland, er det fleire strekningar som er trekt fram med mykje trafikk – dette er blant anna strekninga frå Voss mot Eidfjord.

I Eidfjord finst det lite statistikk om reisevanar. Kollektivtilbodet per mai 2020, er 9 avgangar frå Nedre- til Øvre Eidfjord mandag-fredag, og nokon færre avgangar i helger.

## 5.7 Kulturskule og frivillig arbeid

Små kommunar har høgast deltaking i kulturskule og frivillig arbeid. I indre delar av Vestland er det eit gjennomgåande trekk at ungdomsskuleelevar er meir nøgd med tilbodet av idrettsanlegg og kultur. Eit godt kulturtilbod er viktig for å sikra inkludering og byggja attraktive lokalmiljø, i tillegg til å vera ein ressurs i reiselivssamanheng. Tettare samarbeid mellom aktørar innan kultur og reiseliv kan bidra positivt til innbyggjarane sitt kulturtilbod.

I Eidfjord har me god oppslutning for barn med plass i kommunal musikk- og kulturskule. Heile 67,5 % deltek på slik aktivitet. Vidare er det registrert 7 frivillige lag og foreiningar. I snitt er det 18,5 personar per kinoforestilling. Når det gjeld kulturmidlar viser Figur 9 korleis desse vert brukt.



Figur 9: Bruk av kulturmidlar i Eidfjord kommune

Kjelde: SSB

## 5.8 Turisme

Turistaktiviteten er høg i Eidfjord, og har auka betydeleg dei siste åra. Frå 2005 då cruisekaiaen opna, har antal cruiseanløp auka frå 24 anløp, til nærare 120 (planlagde anløp i 2020). Dette er ei auke på om lag 400 % på 15 år.

Statistikk frå sommarsesongen (mai-september) viser også at det er auke innan hotellovernattingar og overnattingar på campingplassar/hyttegrender. Antall hotellovernattingar i 2017 var 17 115, medan det i 2019 var registrert 29 962. Tilsvarende for overnatting på campingplass og hyttegrender var 1644 (2017) og 2255 (2019).

I vintersesongen (oktober-april) er antal overnattingar betydeleg lågare. For hotellovernattingar er antalet like i overkant av 4000. Statistikk for overnatting på camping og hyttegrender viser 0.

Statistikken viser også at utanlandsmarkedet med mest auke er turistar frå Japan og Kina.<sup>5</sup>

<sup>5</sup> Statistikknett Reiseliv, overnattingsmarkeder og losj økonomi, lest 22.05.2020

## 5.9 Særtrekk for møteregion Indre Vestland

Særtrekka for Indre Vestland vert trekt fram, då Eidfjord er ein del av denne møteregionen.

- Folketalsnedgang og låg del unge
- Store avstandar
- Gode skuleresultat og attraktivt høgskulemiljø
- Næringsliv med styrke innan reiseliv og fornybar energi/industri
- Stort naturmangfald og store verdiar i natur- og kulturlandskap
- Stor skredfare
- Liten tilgang på høgfrekvent kollektivtilbod
- Høg trivsel

Basert på innspel i frå innbyggjarane i Indre Vestland, er styrker, svakheitar, moglegheiter og truslar oppsummert på side 45-46 i Rapporten «*Vestland | utfordringar for fylket og for regionane*».

Nokon av styrkene er lågt fråfall i skulen, gode skuleprestasjonar, god tilgang til barnehageplassar utover det årlege opptaket, høg trivsel og deltaking i fysisk aktivitet. Variert kulturtilbod og stor frivillig innsats vert også trekt fram som nokon av styrkene.

Truslane for Indre Vestland er sentralisering, aukande del endre, færre offentlege arbeidsplassar, stenging av fjellovergangar, masseturisme og fleire einsame.

## 6. Status gjeldande planar

### Kommuneplanens samfunnsdel 2015-2027

Kommunen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, samt kommunen som organisasjon. Kommuneplanen sin samfunnsdel har ein handlingsdel som inngår i kommunen sin økonomiplan, som vert rullert årleg.

Eidfjord kommune vedtok gjeldande samfunnsdel 28.09.2015, og har *bustadkommunen Eidfjord, opplevings- og besøkskommunen og arbeidskommunen* som tre hovudsatsingsområder i kommuneplanen for 2015-2027.

Dei tre satsingsområda er valde fordi dei inneheld alle sider ved eit livskraftig lokalsamfunn. Me vil at innbyggjarane våre skal oppleve livskvalitet, og at Eidfjord skal vera ein trygg stad å veksa opp. Me ønskjer ein god bukommune for både gamle og nye innbyggjarar der ein kan leva aktive liv, nytta og medverka til kulturelt mangfald og der kvar enkelt er integrert i eit sosialt fellesskap.

Opplevings- og besøkskommunen legg til rette for å nytta godt av den storslagne naturen og alt det han har å by på både for vitjande og innbyggjarane. Det er viktig å kunna ha eit trygt økonomisk tilvære for alle. Det får me når me veit at det er arbeidsplassar, anten i lokalsamfunnet eller i regionen. Ved å stimulera eksisterande næringsliv og leggja til rette for at nye bedrifter kan etablera seg, legg det grunnlag for å skapa arbeidsplassar. Det er med på sikra trygg økonomiske tilhøve for innbyggjarane.

Samfunnsdelen skildrar ulike mål knytt til kvart fokusområde, og har mange strategiar for korleis dei ulike måla skal verta oppnådd.

### Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen, som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Planen skal gje hovudtrekka i arealdisponeringa, og gje viktige føringar for kva omsyn som skal takast i vare ved disponering av areala.

Formålet med kommuneplanen er å skapa ei langsiktig og forutsigbar arealbruk i kommunen. Kommuneplanen er det øverste styringsdokumentet i kommunen, og er styrande for det vidare planarbeidet som skjer i kommunedelplanar, områdereguleringar og detaljreguleringsplanar.

Ein oppdatert arealdel er viktig for at arbeidet i kommunen skal skje i tråd med politiske ynskjer. Det vil også gje raskare behandling av reguleringsplanar og gje meir føreseielegheit for innbyggjarar og næringsliv. Gjeldande kommuneplan i kommunen vart vedteke 28.03.2011, og gjeld i utgangspunktet fram til 2022. Arealplanen består av fleire plankart, med tilhøyrande føresegner.

### Tema- og kommunedelplanar

Planane omfattar tema som er viktige for framtidig planlegging. I kommunen er det fylgjande tema- og kommunedelplanar som er vedtekne:

- **Kommunedelplan for Sysendalen**  
Vedteke i Eidfjord kommunestyre 18.12.2017, og stadfesta i Kommunal- og moderniseringsdepartementet 09.04.2019. Kommunedelplanen er bindande for arealbruk i Sysendalen.
- **Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv**  
Handlingsprogrammet er nyleg rullert. Kommunedelplanen vart vedteke i 2016, og er gjeldande frå 2017 til 2020.
- **Kommunedelplan for trafikksikring**  
Planen er i frå 2012 og fleire av tiltaka er enten gjennomført eller uaktuelle.
- **Sti- og løypeplan for Sysendalen**  
Gjeld for perioden 2013-2025, og er formalisert gjennom kommunedelplan for Sysendalen.
- **ROS-analyse**  
I 2017 vart det vedteke overordna ROS-analyse (risiko- og sårbarheit) for Eidfjord kommune.
- **Kommunedelplan for energi- og klima**  
Vedteke 2020. Gjeld frå 2020-2030
- **Kulturminneplan**  
Vedteke som temaplan i 2020. Gjeld fram til ny plan vert vurdert.
- **Ruspolitisk handlingsplan**  
Vedteke 2020. Gjeld frå 2020-2024.

#### **Pågåande planarbeid**

- **Kommunedelplan for naturmangfald**  
Arbeid starta opp i 2020.

## 7. Forslag til prioritering av planoppgåver

Planarbeid er ein viktig del av arbeid mot å oppnå den samfunnsviklinga me ynskjer i kommunen. I Eidfjord kommune har me ein liten planavdeling, og planressursane må takast omsyn til ved utforming av planstrategien.

Prioriteringsarbeidet og koplinga mot kommunens økonomiplan og budsjett, vert viktigare når ressursane er avgrensa. For at kommunen skal koma i mål med dei planane som vert sett i gang, er det viktig at omfanget av planar ikkje vert for omfattande, og at prioriteringsarbeidet er godt. Samtidig må ein ha ressursar for planar som oppstår knytt til nye utfordringar t.d beredskapsplanar for ras- og flom.

Det viktige i perioden framover er å prioritera dei planane som på best mogleg måte kan imøtekoma dei utfordringane me står ovanfor.

For perioden 2019-2023 er det fylgjande planar som skal prioriterast:

Namn på plan	Oppstart	Forventningar til prosess og resultat
Kommuneplanen sin arealdel	Snarast	Hovudfokus på arealet knytt til Hardangervidda tunnelane, Sysendalen og Simadal
Detaljplan for Læg Reid (bustadtomter Læg Reid)	Snarast	Vedteken i kommunestyret
Detaljprosjektering for Torg- og sjøbuområde sentrum	Snarast	Vidareføre planane for utvikling av sentrumsområde
Oppdatere relevant planverk pga skred/flom Tussafonten		Oppstart når me har motteke dei naudsynte rapportar og avklaringar
Kommunedelplan for trafikkisikkerheit	Snarast	Eksisterande plan er frå 2012 – 2015. Nye behov er avdekka og planen treng oppdatering.
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv		Denne planen forlengast til 2024. Handlingsdelen vert rullert årleg eller ved behov.

## 8. Vedlegg

### Status for planstrategi 2016-2019

Tabellen under syner planoppgåvene frå planstrategien for 2016-2019. Status for gjennomføring av planoppgåvene per desember 2019 er kommentert under «administrativ kommentar».

Fargekodane syner kva arbeid som er fullført (grøn), under arbeid (gul) og ikkje starta (raud).

Plantype/ Plankrav	Merknad	Status/gjeldande	Rullering	Prioritering	Administrativ kommentar
Kommuneplanen (pbl.)	Samfunnsdelen lovpålagt	2015-2027		1	Var nyleg vedteke, ikkje vurdert rullert.
Handlingsdelen til kommuneplan	Med økonomi del	Årleg	2016	1	Årleg rullering i samband med budsjettarbeidet.
Detaljreguleringsplan (pbl)	Lægred med grunnlag i områdeplan		2017	1	Ikkje starta opp. Utgraving gjort på kommunal eigedom. Drøftingar er gjennomført med eigar av privat eigedom.
Reguleringsplan (pbl.)	Simadalen, behov for oppdatering av arealbruk og nytt areal til næring		2018	1	Detaljplanarbeidet heng saman med konsesjons-søknaden for North Connect. Det har vore kontinuerleg kontakt i forhold til utforming av tilkomst.
Detaljprosjektering	Torg- og sjøbuområde i sentrum		2017	1	Eigedomsforholda er no avklara. Arbeidet med detaljprosjektering er klart til å starta opp.
Temaplan	Overordna ROS-analyse	2007	2016	1	Vedteke i 2017.
Sektorplan Alkoholova	Ruspolitisk handlingsplan. Handlingsprogram vurderast i samanheng med handlingsdelen til kommuneplan	2020-2024	2016	1	Vedteke i 2020 gjeldande til 2024.
Kommunedelplan (pbl)	Idrett- og fysisk aktivitet og friluftsliv. Krav om plan for å kunne søkja spelemidlar. Handlingsprogram vurderast i samanheng med handlingsdelen til kommuneplan	2017-2010 Handlingsprogram årleg rullering.	2016	1	Handlingsprogrammet er vurdert rullert årleg dersom det kjem innspel til tiltak.  Planen vert vidareført til 2024.
Kommunedelplan (pbl)	Energi- og klima, Handlingsprogram vurderast i samanheng med handlingsdelen til kommuneplan	2020-2030	2017	1	Vedtekeken i 2020.

Kommunedelplan (pbl)	Trafikksikring, Handlingsprogram vurderast i samanheng med handlingsdelen til kommuneplan	2012-2015	2017	1	Behov for rullering, ikkje starta opp.
Kommunedelplan (pbl)	Vivelid	2011	2018	2	Ikkje vurdert starta opp.
Kommunedelplan (pbl)	Trasè framtidig Rv7, Stortinget sitt val av stamvegtrase vert avgjort i samband med handsaming av NTP våren 2017.		2018	2	Overordna grunnlag ikkje edteke sentralt. Kan vera aktuelt å prioritera dersom det vert gjeve klarsignal om å starta kartlegging.
Kommunedelplan (pbl)	Sjøområda i kommunen. Bruk av fjorden i balanse mellom bruk og vern til berekraftig samfunns- og næringsutvikling.	2011		2	Ikkje starta pga. kapasitet. Bør vurderast i samanheng med rullering av arealdelen av kommuneplanen.
Temaplan	Målbruksplan	1999	2017	2	Ikkje vurdert.
Strategiplan	Avfall (regional plan i regi av IHM)	2006-2009	2017	3	Eit ansvar IHM har og vert gjennomført internt. Det er ikkje forventa behov for kommunal deldeltaking.
Temaplan	Bustadpolitisk strategiplan	2012	2018	3	Ikkje vurdert rullert. Truleg eit behov som grunnlag for samla bustadbehov i kommunen.
Temaplan	Kulturminneplan				Under arbeid, truleg vedtak i 2020.
Temaplan	Sti- og løypeplan for Sysendalen	Vedteke i 2013	Handlingsprogram årleg rullering	Ikkje prioritert	Kapasitet har gjort at rullering ikkje er prioritert. Sentrale løyper teke inn i kdp Sysendalen
Kommunedelplan (pbl)	Naturmangfald	Ny		1	Oppstart av kommunedelplan for naturmangfald i 2020.

#### Andre planar som er gjennomført/starta opp utan at dei har vore del av planstrategi:

Plan	Merknad per. 31.12.2019
Kommunedelplan for vatn, avlaup og vassmiljø	Konsulentutkast er laga, planprosess ikkje fullført.
Temaplan for kommunale sti- og løyper	Regional plan for Hardangervidda tilrår utarbeidd kommunale sti- og løypeplanar. I høyringsforslag til regional plan for Hardangervidda er mål at det skal utarbeidast felles sti- og løypeplan for villreinområdet. Det er naturleg å føra dette planarbeidet vidare ned på kommunalt nivå kor det vert aktuelt å implementera løyper for motorferdsel i utmark.
Kartlegging og verdsetting av friluftsområde	Det er løyvd midlar frå Hordaland fylkeskommune med kr 68000, frist var 15.12.2019. Arbeidet starta opp i slutten av 2019, og er forventa fullført fyrste



	del av 2020.
Gang- og sykkelveg Blurnes/Leirvikane	Drøfting/avklaring av planbehov for gang- og sykkelveg frå avkøyning til Blurnes til Leirvikane. Dette arbeidet er starta opp med bakgrunn i kommunestyret sitt kompensasjonskrav til etablering av North Connect.